

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 28.02.18
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ingebjørg Kismul

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering**
Rapportering tilsynssaker frå 27.12.17 til 15.02.18

STYRESAK: 10/18

STYREMØTE: 07.03.18

Administrerende direktør si orientering pkt. 1

(Nye saker og nye aktiviteter i perioden er merka med raud skrift.) Helse Fonna HF pr.15.02.18

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Helse Fonna HF 2016/786	Tilsyn med sepsisbehandling i akuttmottak Haugesund sjukehus, Helse Fonna HF. 06.-07. juni 2016	28.08.2016	3 avvik. Avvik 1. Fleirtalet av pasientar med sepsis og organdysfunksjon fekk ikkje starta behandling med antibiotika innan tidsfristar fastsette i nasjonale retningslinjer og i sjukehusets prosedyrar. Avvik 2. Leiinga har ikkje sørge for at det er tilstrekkelege legekompentanse i akuttmottaket slik at undersøking og oppstart av behandling av pasientar med sepsis kan bli gjennomført innan tidsfristar fastsette i nasjonale retningslinjer og sjukehusets prosedyrar. Avvik 3. Leiinga har ikkje sørge for at sjukepleiarar i akuttmottak har fått nødvendig opplæring og fagkompetanse om sepsis.	01.10.16	Fylkesmannen ber om en plan for på kva måte helseføretaket vil rette opp denne svikten innan 1.oktober. 03.10.16 Handlingsplan etter tilsyn med Helse Fonna HF «Stopp sepsis» 06. – 07.2016, er sendt. 26.10.16 Svar fra Fylkesmannen. Fylkesmannen har ingen merknader til handlingsplanen. Ber om ny tilbakemelding innan 15.02.17 om status og framdrift av handlingsplanen. Ny journalgjennomgang februar 2017. 14.02.17 Brev til Fylkesmannen i Hordaland med informasjon om status og framdrift av handlingsplan : tilsyn med sepsis behandling i akuttmottak 2016. 27.02.17 Fra Fylkesmannen i Hordaland: Melding om journalgjennomgang etter tilsyn med sepsis 24.03.17. 05.04.17 Brev fra Fylkesmannen i Hordaland. Vår gjennomgang viser at sjukehuset har jobba godt med oppfølging av avvika. Arbeidet har vore tydeleg leiarforankra og har ført til betring som også kan komme andre pasientgrupper til gode. Resultata viser at det er betring på fleire område, men at helseføretaket framleis må arbeide for å nå målet om at pasientar med alvorleg sepsis får oppstart av antibiotika innan ein time etter å ha	

HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
					<p>komme til sjukehuset, slik nasjonale føringar tilseier.</p> <p>Fylkesmannen vil som avtalt gjennomgå 33 nye journalar (P3) etter 1. september 2017.</p> <p>Vi ber om en ny tilbakemelding om vidare tiltak og status i arbeidet med å rette avvika innan</p> <p>09.10.17 Tilbakemelding sendt fylkesmannen med beskrivelse av status, framdrift og tiltak</p> <p>Brev 11.12.17</p> <p>Tilbakemelding etter P3-tilsyn med sepsisbehandling i akuttmottak.</p> <p>Resultata samla sett viser at Helse Fonna har sett i verk effektive tiltak og gjort eit godt arbeid for å styre og forbetre behandlinga av sepsispasientar. Framleis er det litt igjen før sjukehuset er heilt i mål.</p> <p>Vi ber derfor om at Helse Fonna innan 01.06.2018 gir ei tilbakemelding med resultat av eiga måling for tid frå innkomst i akuttmottaket til antibiotikabehandling blir starta for pasientar med sepsis.</p>	

ANDRE TILSYNS- OG KLAGEORGAN:

OVERSIKT OVER SAKER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.07.12.17 – 27.12.17

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Stord kommune Brann og redning 11/2572	Helse Fonna HF	Branntilsyn ved Stord sjukehus 22.11.16	24.11.16	Ett avvik. Eigar har ikkje sørga for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann.	24.12.16	Det er registrert ein del avvik ved bygningsmassen til sjukehuset. Helse fonna som eigar har gjennomført ein brannteknisk vurdering av heile bygningsmassen. Sjukehuset er godt igang med å lukka dei fleste avvik og er komen veldig langt i denne prosessen. Det står fortsatt nokon avvik igjen og brannvesenet ber om ein tilbakemelding med oppsummering over dei avvik som ikkje er lukka, med evt. tidsplan for kor tid dei siste avvika skal lukkast. 08.12.16 Svar til Stord kommune-brann og redning vedlagt handlingsplan med tiltak for lukking av avvik. Handlingsplan brann beskriver tiltak i konsulentrapport frå Cowi. HF regner med å ha gjennomført alle tiltak det er praktisk mulig å gjennomføre i løpet av 2017 Enkelte tiltak er som beskrevet i handlingsplan knytt opp mot framtidige rehabiliteringar	
Stord kommune Brann og redning 11/2572		Branntilsyn ved Stord sjukehus 14.11.17	15.11.17	Avvik 1 Eigar har ikkje sørgja for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i	15.12.17 Framdriftsplan som viser korleis og når påpeika avvik blir lukka.	Det er registrert ein del avvik ved bygningsmassen til sjukehuset. Helse fonna som eigar har gjennomført ein brannteknisk vurdering av heile bygningsmassen. Sjukehuset er godt igang	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRA PPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann.		med å lukka dei fleste avvik og er komen veldig langt i denne prosessen. Det står fortsatt noken avvik igjen og brannvesenet ber om ein tilbakemelding med oppsummering over dei avvik som ikkje er lukka med evt. tidsplan for kor tid dei siste avvika skal lukkast. 11.12.17 Oppdatert Handlingsplan (05.12.17)Hovedbygget, Stord sjukehus sendt til Stord Brann og redning.	